

# KONTROLLUTVALET I HARAM KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 12.04.2018, kl. 12.00 – 14.30

Møtestad: Haram Industrier AS; Hildre

Møtet vart leia av Sigrid Eidsvik

Elles til stades: Eivind Davik, Åge Vikestrand, Grete Berbu og Karl Fjørtoft.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Frå kommunerevisjonen møtte revisorane Svein Ove Otterlei og Anne Nygård.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Det vart meldt inn ei saker under eventuelt frå Eivind Davik. Før møtet var satt fekk kontrollutvalet ei orientering og omvisning på Haram Industrier av dagleg leiar Terje Aulstad.

---

### **SAK 01/18 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. 12. 2017**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 14. desember 2017 blir godkjent.

---

### **Sak 02/18**

#### **Oppfølging av sak 11/17, Konkurransetsetting av engasjement med Kåre Beite**

Det var ingen tilråding til vedtak frå kontrollutvalsekretariatet

Leiar fremma på vegne av kontrollutvalet følgande innstilling:

1. Kommunestyret er gjort kjent med notatet frå Kommunerevisjon 3, datert 22. mars 2018, angående offentlege anskaffingar.
2. Kommunestyret ber rådmannen innrette kommunen sin praksis med anskaffingar slik at desse blir i samsvar med lova.

#### **Kontrollutvalet si samrøystes innstilling til Haram kommunestyre:**

1. Kommunestyret er gjort kjent med notatet frå Kommunerevisjon 3, datert 22. mars 2018, angående offentlege anskaffingar.
2. Kommunestyret ber rådmann innrette kommunens sin praksis med anskaffingar slik at desse blir i samsvar med lova.

---

**Sak 03/18**

**Eigarskapskontroll for ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap IKS) på vegne av Ålesund kommune. Kunnskapsdeling med Haram kommune.**

Innstilling datert 05.04.2018 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

---

**Sak 04/18**

**Kontrollrapport 2017 vedkommande skatteoppkrevarfunksjonen for Haram kommune.**

Innstilling datert 05.04.2018 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

---

**EVENTUELT:**

Eivind Davik tok opp følgjande spørsmål:

*I desember i fjor bad Helsedirektoratet og Statens strålevern kommunane om å bestille jodtablettar frå det sentrale lageret i Oslo. Dette for å forhindre kreft ved ei atomulukke dersom dei blir straks tekne det skjer ei atomulukke. Berre 166 av dei 422 kommunane til landet har hittil følgd oppfordringa frå styresmaktene. Mesteparten av tablettane ligg derfor framleis på lager i Oslo.*

Kva er status i Haram kommune?

Kontrollutvalet ber rådmann gjere rede for dette i neste møte.

Neste møte var avtalt til mandag 28. mai 2018.

Sigrud Eidsvik  
leiar

(sign.)

Eivind Davik  
nestleiar

(sign.)

Grete Berbu  
medlem

(sign.)

Åge Vikestrand  
medlem

(sign.)

Karl Fjørtoft  
medlem

(sign.)